

Skjema for intern bruk – Eining for prosjekt og utbygging		HMS prosedyre	
Arbeidsområde: Forskrift om utførelse av arbeid Kapittel 17 Arbeid i høgda		Siste revisjon: 24.02.2022	Revisjon nr: 00
Sist endra: 04.02.2022	Godkjent: 24.02.2022 (Anne Guri)		

1. Føremål

Hensikten med denne rutinen er å bidra til å sikre at arbeid i høgda utførast på ein slik måte at ulykker og uønskete hendingar ikkje skjer. Eit sikkert arbeid i høgda kjenneteiknast ved:

- God planlegging
- Risikovurdering ved prosjektering, planlegging og før utføring.
- God kompetanse om regelverk, arbeidets art, risiko, arbeidsutstyr osv.
- Naudsynt sikringstiltak/-utstyr.

2. Omfang

Gjeld for alt arbeid i høgda på kommunale prosjekt.

Arbeid i høgda omfattar stillasmontasje, stillasbruk, bruk av stige/gardintrapp, arbeid på tak, bruk av lift og arbeid i mast/stolpe.

3. Ansvar

Alle med ansvar for planlegging og gjennomføring av arbeid i høgda inkl. bygging, bruk, kontroll og godkjenning av stillas. Den som utfører arbeid i høgda, pliktar å forvisse seg om at arbeidet kan utførast sikkert og i tråd med gjeldande lover og forskrifter.

4. Skildring

4.1. Generelt for arbeid i høgda

Arbeid i høgda skal utførast på ein sikker måte og under eigna ergonomiske forhold frå ein eigna overflate. Kollektive sikringstiltak skal prioriterast framfør personlege vernetiltak. Det skal utarbeidast ei risikovurdering.

4.2. Opplæring

Personell som skal bruke fallsikringsutstyr skal ha naudsynt dokumentert opplæring.

4.3. Generelt for arbeid i høgda

Alt fallsikringsutstyr skal vera CE-merket. Utstyret skal brukast og vedlikehaldas i tråd med produsents spesifikasjonar. Alt utstyr skal ha eigna merking som viser dato for siste sertifisering kontroll. Vurdering av forankringspunkt, spenningsførande delar og plan for redning skal alltid vurderast i SJA.

Området under der det arbeidast i høgda skal avsperrast. Dersom sperring ikkje er hensiktsmessig sikring, skal andre kompenserande tiltak framgå av SJA.

Ved arbeid på fleire høgdenivå eller ved arbeid som også krev opphald innanfor sperra område på bakken, skal det framgå av SJA kva ytterlegare risikoreduserande tiltak som skal iverksetjast.

Ved arbeid i høgda skal verktøy sikrast, ved fare for andre fallande objekt, skal ytterlegare sikring vurderast.

4.4. Arbeid i lift

Ved bruk av lift skal fallsikringssele og retningsline alltid vera tilgjengeleg i kurv. Begge personar skal ha opplæring i følgjande:

Skjema for intern bruk – Eining for prosjekt og utbygging		HMS prosedyre	
Arbeidsområde: Forskrift om utførelse av arbeid Kapittel 17 Arbeid i høgda		Siste revisjon: 24.02.2022	Revisjon nr: 00
Sist endra: 04.02.2022	Godkjent: 24.02.2022 (Anne Guri)		

- bruk av lift
- bruk av fallsikringsutstyr
- nødevakuering

Opplæring skal vera dokumentert i selskapets internkontroll system. Ved leige av lift må det alltid sikrast at den blir levert med sikringsfeste for naudevakuering. Ved arbeid i høgda skal det vera minst 2 personar til stades, og godkjent fallsikringsutstyr skal brukast. Kameratsjekk av utstyr skal gjennomførast før oppstart.

4.5. Arbeid i stige

Stige skal kun nyttast som tilkomst. Stige kan unntaksvis nyttast som arbeidsplattform ved utføring av arbeid i høgda, når det ikkje er hensiktsmessig å bruke anna og sikrare arbeidsutstyr fordi risiko er liten og bruken av stige er kortvarig. Frittstående stige som er høgare enn 6 meter skal ikkje nyttast. Kombistige skal ikkje nyttast i frittstående utførelse høgare enn 4 meter. SJA skal i slike tilfelle alltid utarbeidast. Viktig å tenke på før stigen tas i bruk:

- rett vinkel til vegg/ -konstruksjon ($\approx 70^\circ$) stiger med justerbare bein skal normalt brukes
- stige skal kun nyttast til tilkomst og kortvarig arbeid
- stige med hjul skal ikkje nyttast
- stige skal setjast slik at den står stabilt
- stige setjast på jamt underlag, det er ikkje tillatt å bruke lause element under stige-bein
- stige skal sikrast mot utgliding, velting sidelengs eller bakover
- stige som nyttast fleire gangar som tilkomst skal alltid sikrast i toppen
- stige som til tilkomst til tak eller liknande, skal rage minst 1 meter over dette

4.6. Arbeid i stillas

Stillas skal vera forsvarleg satt opp. Stillaset skal byggjast av godkjent materiell utan deformasjonar eller for stor slitasje. Stillaset må tydeleg skiltast med namn og eigar, stillasbygger, arbeidsgjevar (brukar), evt. utleigar og tillatt last. Stillaset kontrollerast med jamne mellomrom avpassa etter forholda. Entreprenør skal påsjå at arbeidstakar får øving i bruk av relevant sikringsutstyr mot fall under montering, demontering og endring av stillaskonstruksjonar, herunder bruk av personleg verneutstyr (fallsikringsutstyr). Opplæring i henhald til interninstruks skal vera dokumentert i selskapets internkontroll system. Rapport skrivast etter kontroll av stillas over 2 meter.

4.6.1. Stillas mellom 2 – 5 meter §17-2

Arbeid frå stillas over 2 meter skal utførast av arbeidstakar med naudsynt teoretisk og praktisk opplæring. For at arbeidsgjevar skal kunne setjast arbeidstakar til sjølvstendig arbeid med montering, demontering, endring og kontroll, skal arbeidsgjevar påsjå at arbeidstakar har 7,5 timer teoretisk opplæring og 7,5 timer praktisk øving under tilsyn og rettleiing av kvalifisert person.



Skjema for intern bruk – Eining for prosjekt og utbygging		HMS prosedyre	
Arbeidsområde: Forskrift om utførelse av arbeid Kapittel 17 Arbeid i høgda		Siste revisjon: 24.02.2022	Revisjon nr: 00
Sist endra: 04.02.2022	Godkjent: 24.02.2022 (Anne Guri)		

4.6.2. Stillas mellom 5 – 9 meter § 17-3

Kravet til opplæring gjelder også ved montering, demontering, endring og kontroll av rullestillaser frå fem meter og inntil ni meter. For at arbeidsgjevar skal kunne setje arbeidstakar til sjølvstendig arbeid med montering, demontering, endring og kontroll, skal arbeidsgjevar påsjå at arbeidstakar har 15 timer teoretisk opplæring og 15 timer praktisk øving under tilsyn og rettleiing av ein kvalifisert person.

Opplæringa skal ta omsyn til moglege faremoment arbeidet kan medføre og skal omfatte krava i § 17-2 tredje ledd bokstav a–h. Rapport skrivast etter kontroll av stillas over fem meter.

4.6.3. Stillas høgare enn 9 meter § 17-4

Kravet til opplæring gjelder også ved montering, demontering, endring og kontroll av rullestillaser frå fem meter og inntil ni meter. For at arbeidsgjevar skal kunne setje arbeidstakar til sjølvstendig arbeid med montering, demontering, endring og kontroll, skal arbeidsgjevar påsjå at arbeidstakar har 72 timer teoretisk opplæring og 36 timer praktisk øving under tilsyn og rettleiing av ein kvalifisert person.

Opplæringa skal ta omsyn til moglege faremoment arbeidet kan medføre og skal omfatte krava i § 17-2 tredje ledd bokstav a–h. Rapport skrivast etter kontroll av stillas over fem meter.

5. Forskrifter

Linker til Forskrift om utførelse av arbeid:

- [Planlegging av arbeid i høyden](#)
- [Krav til arbeid i høyden](#)
- [Stiger](#)
- [Bruk av tau til atkomst, arbeid og redning](#)
- [Krav til bruk av arbeidsutstyr](#)
- [Forskrift om utførelse av arbeid](#)

Skjema for intern bruk – Eining for prosjekt og utbygging		HMS prosedyre	
Arbeidsområde: Forskrift om utførelse av arbeid Kapittel 17 Arbeid i høgda		Siste revisjon: 24.02.2022	Revisjon nr: 00
Sist endra: 04.02.2022	Godkjent: 24.02.2022 (Anne Guri)		

Sjekklista § 17 Arbeid i høgda

Nr:	Sjekkpunkt:	Status:
1	Den som skal setje opp stillas har naudsynt opplæring? Jamfør §17-2-4	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
2	Er det gjennomført SJA? Risikovurdering utført?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
3	Er arbeidet høgare enn 2 meter? Ved arbeider høgare enn 2 meter skal det nyttast fallsikringsutstyr i form av sele og stropper, så lenge godkjent rekkverk/stillas ikkje er montert.	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
4	Er stillaset ryddig? Lagringsplass for utstyr? Er det fare for nedfall?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
5	Er det spesielle faremomenter som trafikk, straumførande leidningar, rasfare eller liknande? Då skal det iverksetjast særlege sikringstiltak.	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
6	Er det tilstrekkeleg skilting av stillas? Med alle oppgangar til stillas? Stillasets eigar, stillasbygger, tillatte laster, kontaktperson med tlf og informasjon om siste kontrolldato og kontrollør?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
7	Er det utført rapport om kontroll av stillas, sjå §17-10 for innhald i rapport? Så lenge stillaset er i bruk, skal det kontrollerast med jamne mellomrom avpassa etter forholda. Etter uvær, når andre forhold kan ha virket inn på stabilitet og styrke, og når stillaset har vert ute av bruk i ei veka eller meir, skal stillaset kontrollerast før det tas i bruk.	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
8	Er avstanden mellom stillas og vegg større enn 0,3 meter? Då skal det rekkverk (handlist, knelist og fotlist) på. Gjeld og overgangar mellom stillas. Det skal ikkje førekomme uforsvarlege mellomrom mellom dei deler som utgjer stillasgolvet og dei loddrette kollektive fallsikringsinnretningane.	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
9	Er det tilstrekkeleg med rekkverk på? Handlist (1,0 over golv), knelist (0,5 over golv) og fotlist/sparkelist (minst 0,15m høg).	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
10	Det er ikkje tillat å opphalde seg på rullestillas når stillaset flyttast. Gjenstandar på stillaset skal fjernast eller sikrast mot å falla ned, før rullestillaset flyttast.	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
11	Er det forsvarleg tilkomst frå stillas til tak?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
12	Er taket sikra med rekkverk eller stillas?	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>
13	Netting?	